



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Klage på dispensasjon til oppføring av veg - Alver - (Meland) - 338/76 - Refskar.

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.03.2020. Saka gjeld dispensasjon frå LNF-formål og frå byggjeforbod i strandsona jf. plan og bygningslova § 1-8.

Utval for areal, plan og miljø gjorde følgjande vedtak i møte den 11.03.2020, sak 011/20:

*«Utval for areal, plan og miljø tek klagen til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og frå byggjeforbodet i strandsona for opparbeiding av veg over gbnr 38/3 fram mot naustet på gbnr 38/76. Dispensasjon for omsøkt tiltak vert gjeve på følgjande vilkår:*

*- Vegen vert avslutta med ein biloppstillingsplass ca 30 meter frå sjøbua.*

*Vedtaket vert grunngjeve med at tiltaket ikkje kjem i vesentleg konflikt med friluftsliv, landskap eller andre miljøinteresser på staden. Veien blir lite synlig frå sjøsida, då den er planlagt i terreng. Slike vegar kan nyttast av ålmenta. Vegen kan ha nytteverdi for hovedbruket ved skogbruk og pleie av kulturlandskapet. Utvalget var på synfaring og ut frå ei samla vurdering meiner difor APM at fordelene med omsøkt tiltak er klart større enn ulempene, og at det difor kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.»*

Fylkesmannen i Vestland klagar med dette på Utval for areal, plan og miljø sitt vedtak av 11.03.2020, sak 011/20.

### Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.


Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved



dispensasjoner, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08). Vi viser til at tidlegare Meland kommune ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensier forvaltning av strandsona langs sjø. Det skal mykje til å gje dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona i desse områda.

I denne saka er det snakk om ein tre meter brei og om lag 130 meter lang køyreveg, igjennom natur som i stor grad er urørt, for å få betre tilkomst til eit naust. Tiltaket ligg i si heilskap i 100-metersbeltet langs sjø. Ein tre meter brei køyreveg vil påverke landskap og terreng i eit elles urørt område, sjølv om det ikkje er gitt løyve til det brattaste partiet nærmast sjøen. Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket vil vere negativt for landskap og vil splitte opp, og til ei viss grad privatisere, eit samanhengande LNF-område i strandsona.



Det ligg mange naust i LNF-områder, utan køyreveg. Det kan også vere mange som ynskjer køyreveg til naustet sitt. Det er ikkje slik at ein kan rekne med å etablere køyreveg til alle naust i LNF-områder eller at det er naudsynt for å fylle funksjonen som lagerplass for båtar, fiskeutstyr ol. Vi kan heller ikkje sjå at det er nokon særskilde omsyn som gjer seg gjeldande i denne saka og som vil skilje den ifrå andre liknande saker. Ein dispensasjon i denne saka kan difor føre til at det vert vanskeleg å gje avslag på dispensasjon i andre liknande saker. Dette kan også vere med på å undergrave kommuneplanen som styringsverktøy.

Vurderinga vår er at omsyna bak både LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen og pbl § 1- 8 vert vesentleg satt til side dersom det vert gitt dispensasjon, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene i denne saka, jf. pbl § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er då ikkje oppfylte.

Fylkesmannen klagar difor på Alver kommune sitt vedtak 011/2020 datert 11.03.2020.

Vi ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon. Fylkesmannen ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.



Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge, skal saka sendast til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil deretter sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann, som fattar endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
avdelingsdirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*